

Nordplan AS
abr@nordplan.noÅlesund, 14. august 2019
BKH/nw**Gjelder Varsel om oppstart – Detaljregulering for Rovde Industripark.
Merknader fra gnr. 106 bnr. 1 og 2 i Vanylven kommune.**

Jeg viser til ovennevntående varsel datert 10. juli 2019 med merknadsfrist 30. august s.å.

Eierne av gnr. 106 bnr. 1 og bnr. 2 i Vanylven kommune – Anette Velsvik Jørgensen og Kai-Herman Jørgensen – har tatt kontakt hit for bistand i varselets anledning.

Eiendommene gnr. 106 bnr. 1 og 2 nyttes i dag av mine parter til landbruksdrift. Foreslått planavgrensning omfatter så vel dyrka mark som viktig beiteareal innen mine parters eiendommer.

Nevnte dyrka mark er nødvendig for opprettholdelse av mine parters landbruksdrift. Om dyrkamarka tas bort må landbruksdriften legges ned. Likeså inngår for bruket viktige beitearealer innenfor foreslått planområde.

På slik bakgrunn bes om at plangrensen innen mine parters eiendommer trekkes slik fremgår av **vedlagt** kartutsnitt hvor alene skravert areal aksepteres utlagt til formål industripark.

Jeg ber om å bli holdt fortløpende orientert under den videre planprosess.

Gjenpart av nærværende merknad er sendt postmottak@vanylven.kommune.no


Med vennlig hilsen



Bjørn Kristian Hove
advokat

Vedlegg

VEDLEGG
14.08.2019





Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Vanylven kommune
Rådhuset
6143 FISKÅ

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Linda Heimen / 71274243

Vår referanse:
19/187837-2

Dykkar referanse:
19031

Vår dato:
26.08.2019

Uttale til varsel om oppstart – Reguleringsplan – Rovde Industripark – fylkesveg 652 – Vanylven kommune

Statens vegvesen viser til dykkar brev dagsett 10.7.2019.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld

Oppstart av planarbeid for Rovde Industripark. Formålet med planområdet er å legge til rette for eit større areal for næring. Tiltakshavar planlegg for næring som treng tilknytning til sjø. Akvakultur, produksjon/lagring av flytebrygger osv. er eksempel på dette.

Arealpolitiske føringar for planarbeidet

Det er ei rekke med dokument som gir føringar med tanke på areal og transport og som må leggjast til grunn for dette planarbeidet. grunn for planarbeidet. Vår vurdering og uttale bygger blant anna på desse:

- Nasjonal transportplan (NTP)
- Nasjonal tiltaksplan for trafiksikkerheit på veg
- Nasjonal gåstrategi
- Nasjonal sykkelstrategi

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging
- Statens vegvesens normalar, retningslinjer og vegleiarar
- Fylkesplan for Møre og Romsdal fylkeskommune, med underliggende dokumenter
- Fylkeskommunens strategiar; for syklande og gåande, kollektiv, trafikkssikkerheit

Statens vegvesen har følgjande innspel:

Overordna arealbruk

Foreslått arealbruk er i tråd med avsett arealformål i kommuneplanens arealdel. Statens vegvesen har med det ikkje merknader til at det startast reguleringsplanarbeid her for å legge til rette for næringsverksemd.

Tilknytning til fylkesvegnettet

Avkøyrsla til eksisterande næringsområde ligg i dag i ei innerkurve på fylkesvegen og har ikkje tilstrekkeleg fri sikt. Gjennom reguleringsplanarbeidet må den sikrast ei plassering som følgjer dei tekniske krava til utforming av sikt i tråd med våre handbøker N100 og V121. Vi forutsett at det berre vert ein åtkomstveg til næringsområdet frå fylkesvegen.

Frisiktsoner

Frisiktsoner skal visast på plankartet og det skal knytast føresegn til frisktsonene.

Konklusjon

Statens vegvesen har på noverande tidspunkt ikkje fleire merknader til varsel om oppstart. Vi kan kontaktast ved behov for avklaringar knytt til plassering av avkøyrslar eller andre forhold som er knytt til vårt ansvarsområde.

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing

Jan Gunnar Sandblåst

Seksjonsleder

Heimen Linda

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Nordplan AS – Nordfjordeid, Postboks 224, 6771 NORDFJORDEID

Nordplan AS - Nordfjordeid
Postboks 224
6771 NORDFJORDEID

Vår dato: 27.08.2019
Vår ref.: 201907863-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 10.07.2019
Dykkar ref.: Arild Rindal

Sakshandsamar:
Ole-Jakob Sande

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Rovde Industripark - GBnr 106/1 mfl i Vanylven kommune

Vi viser til varsel om planstart av reguleringsarbeid datert 10.07.2019. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større næringsareal. Vurdering av eigna areal for massedeponi ved utbygging av området, samt nytt alternativ for tilkomst til området er også tema for planarbeidet.

Om NVE sine oppgåver og sektorinteresser

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde innanfor saksområda flaum- og skredfare, ålmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Ved oppstart av planarbeidet rår vi til å nytte følgjande rettleiarar og verktøy:

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging](#) skildrar korleis desse interessene bør takast i vare i planen, slik at ein unngår motsegn.
- NVE retningslinje [2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar kva flaum- og skredprosessar som kan medføre fare, og korleis desse farane bør utgreiast og innarbeidast i planen.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) kan være eit nyttig verktøy, for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på www.nve.no/arealplan.

Kartlegg om arealet er utsett for reell naturfare

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdskart for Snøskred og Steinsprang (NGI), jf. [NVE Atlas](#). I arbeidet med Risiko- og sårbaranalysen (ROS) må den reelle faren for skred avklarast med vurdering av fagkyndig.

Planområdet ligg under marin grense. I følge NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet marine strandavsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

Ta omsyn til forventa klimaendringar

[Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#) vart vedtekne 28.09.2018. I planretningslinjene står det mellom anna at planlegging skal bidra til at samfunnet er budd på, og tilpassa klimaendringane. Vi rår til at de set dykk inn i planretningslinjene og sikrar at arealdisponeringa tek omsyn til eit klima i endring.

Fakta arket [«Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»](#) gir ei kort skildring av korleis omsyn til klimaframskrivingar kan innarbeidast i arealplanane. Norsk klimaservicesenter har utarbeidd [Klimaprofil for Møre og Romsdal](#). Vi rår til at de nyttar kunnskapen klimaprofilen gir om forventa klimaendringar i planarbeidet.

Utbygging kan gi problem med overvatn

Utbygging av naturområde med auka del harde flater kan gi auka avrenningsfart og auka flaumtoppar nedstraums. I verste fall kan dette auke sannsynet for flaum- og erosjonsskadar. Ved store utbyggingsområde og utbygging i tettbygde strøk bør de vurdere kva krav til dryging av avrenning som bør gjelde i dei ulike områda.

Kartlegging av flaumvegar kan og vere eit hjelpemiddel for planlegging av utbyggingsområde. Basert på flaumvegkart, flaumsituasjon i vassdrag og som oftast avgrensa kapasitet til overvatn i leidningsnettet, bør de vurdere konkrete krav til lokal dryging av vatn i nye byggeområde.

Omsyn til vassdrag

I følge vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr 6, bør nyttast til å merke vassstreng med t.d. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen legg til rette for inngrep i eller langs vassdraget må det gjerast greie for kva konsekvensar tiltaket har for allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

NVE si oppfølging av planarbeidet

I plandokumenta må det være skildra kva vurderingar som er gjort, og gå tydeleg fram korleis omsyna er innarbeidd i planen. **Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt.** Vi ber om at alle plandokument vert sendt elektronisk til rv@nve.no.

NVE vil prioritere å gi innspel og uttale til reguleringsplaner der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av [brev til kommunane datert 29.09.2017 om «NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen»](#).

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Vanylven kommune



NORDPLAN AS
Postboks 224
6771 NORDFJORDEID

Saksbehandlar, innvalstelefon
71 25 84 05 Kari Bjørnøy

Vanylven kommune

Varsel om planoppstart for reguleringsplan for Rovde Industripark

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Det er varsla om oppstart av arbeid med detaljregulering for Rovde Industripark. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette eit større areal for næring. Ein vil fjerne ein god del masse frå området for å planere ut ei stor tomt til føremålet. Ein ønskjer også å deponere overskotsmasse innanfor plangrensa. I tillegg omfattar planarbeidet å finne tilkomstløyising til hovudvegen. Tiltakshavar planlegg for næring som treng tilknytning til sjø, men det er ikkje avklart kva bygg som skal setjast opp. Ein legg uansett opp til høg utnyttingsgrad. Tiltaket er etter det vi kan sjå i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Forureining og støy

Eventuell utfylling i sjø må skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Dersom en skal fylle ut i sjø, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter» som er tilgjengeleg på www.miljodirektoratet.no. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

Etter det vi forstår, er det ikkje avklara konkret kva næring som vil etablere seg her. Ein må legge til grunn at det kan vere verksemder som genererer støy, og ein må difor gjennom føresegnene fastsetje kva støykrav som gjeld, jf. grenseverdiane i tabell 3 i T 1442/2016 (retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging), for støyfølsam bruksføremål i influensområdet.

Konklusjon

Vi viser til våre merknader, og ber om at disse følgjast opp i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

STATENS VEGVESEN	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
VANYLVEN KOMMUNE	RÅDHUSET	6143	FISKÅ

Arild Rindal

Fra: Jens Petter Leite <Jens.Petter.Leite@tussa.no>
Sendt: fredag 30. august 2019 07:35
Til: Arild Rindal
Kopi: 'postmottak@vanylven.kommune.no'
Emne: Detaljregulering for Rovde industripark

Hei.

Ser dere jobber med ein reguleringsplan for Rovde industripark.

Vi er eigar 106/10 som er regulert som hyttetomt. Det er ikke kommet noe bygg på denne tomte enda. Men har så smått begynt å planlegge ei utbygging der.

Da vi fikk reguleringsplanen for område blei det selvfølgelig ei usikkerhet for planene våre om framtidig utbygging. Og det stiller seg selvfølgelig nokre spørsmål angående dette.?

Blir tomte råka av ei eventuell utbygging?

Kva type kompensasjon har dere tenkt å tilby vis vi skulle bli råka av dette?

Ligg der konkrete planar om kva type «Akvakultur» som er planlagt, utenom lagring av flytebrygger?

Med vennleg helsing

Jens Petter Leite

Telefon +47 70 04 62 00, Mobil +47 456 14 319



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Nordplan AS
Postboks 224
6771 NORDFJORDEID

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	10.07.2019	80021/2019/REGULERINGSPLAN/1511	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	05.09.2019


Vanylven kommune - reguleringsplan - detaljregulering - Rovde Industripark - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfaglege merknader

Formålet med planarbeidet er å legge til for eit større areal for næring som treng tilknytning til sjø. Ein legg opp til ein plan med høg utnyttingsgrad for å gje fleksibilitet og handlingsrom da det på noverande tidspunkt ikkje er avklart kva ein treng å sette opp av bygg i området. Forutan eit lite område som er sett av til friområde er omsøkt areal i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Det kan sjå ut til at det i friområde er etablert ei parkeringsplass og at område blir nytta. Vi legg til grunn at dette området også ivaretas på ei god måte gjennom planprosessen. Vi reknar med at det vidare reguleringsplanarbeidet legg kommuneplanen visjonar og føresegnar til grunn.

Det kommer ikkje fram i dei dokumenta som er sendt over korleis ein vil jobbe med medverknad undervegs i planprosessen. Dette må synleggjerast og ikkje minst gjennomførast, jamfør § 5 i plan- og bygningsloven.



Utklipp får gjeldande arealdel.

I varsel om oppstart gjer ein greie for at ein vil legge opp til ein plan med høg utnyttingsgrad, der ein vidare har vurdert at konsekvensutgreiing og planprogram ikkje er naudsynt da arbeidet følgjer opp hovudtrekk og rammer i gjeldande kommuneplan. Vi

minner om Forskrift om konsekvensutgreiing, der det i vedlegg II er definert at «*næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m²*», alltid skal ha planprogram eller melding og konsekvensutgreiing. Vi legg difor til grunn at det ikkje leggst til rette for meir enn 15 000 kvm nytt bruksareal innafor planområdet.

Automatisk freda kulturminne

Innanfor delar av planområdet er det tidligare gjort arkeologiske registreringar. Dette er i hovudsak områder knytt til masseuttaket. Det har også blitt vurdert områder rett aust for eksisterande masseuttak, og her er ikkje potensiale for automatisk freda kulturminne spesielt stort. Det er likevel store delar av planområdet som ikkje er vurdert. Dette gjeld då hovudsaklig i austre og vestre del. Rett vest for planområdets avgrensing er det også registrert ei gravrøys. Denne har idnr:60482 i kulturminnedatabasen Askeladden. I den vestlige delen av planområde ber vi om at det vert lagt inn ei buffersone med grøntareal mot det området som er nemnt som F2 i kommunekartet. Dette for å skape ein buffer som går på austsida av fjellknausen som ligg i nordvestligaste del i planområde. Vedlagt ligg kart med markert området for dette.

Vi vurderer også planområdet til å ha potensial for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til steinalder, men også jernalder. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML).

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uforutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført. Truleg vil dette vere ei registrering der vi bruker manuell prøvestikking som metode, men dersom det skulle bli behov for gravemaskin vil dette bli formidla so snart vi ser at det er behov.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som muleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentlig ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Rovde Industripark i Vanylven kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

KONKLUSJON

Vi viser til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre innspel blir vurdert i det vidare planarbeidet.

- Vi stiller krav om arkeologisk registrering. Jf. Kulturminnelova (KML).
- Planforslaget kan ikkje eigengodkjennast før forholdet til automatisk freda kulturminne er avklara.
- Vi minner om varslingsplikta ved eventuelle funn av marine kulturminne.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve E. Nytun, tlf. 71 28 03 25


Marine kulturminne: Marinarkeolog Eirik Herdlevær, tlf. 55 54 96 02

Vedlegg:

1. Bufferareal – reguleringsplan med buffersone grøntareal
2. Budsjett arkeologisk registrering

Kopi:

Vanylven kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal
Kystverket Midt-Norge
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Teiknforklaring

Reguleringsplan PBL 2008

Linjesymbol
- - - - - RpGrense

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Vanylven kommune
Dato for basiskart: 09.07.19
Koordinatsystem: UTM sone 32 basert på EUREF89/WGS84
Høydegrunnlag: NN2000

Ekvidistanse 1 m
Kartmålestokk: 1:2000
0 25 50 75 100m



SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

FRAMLEGG OG REVISJONAR	REV- NR	DATO	SIGN.
Plan grense i samband med varsel om planoppstart	-	10.07.19	ABR

SAKSBEHANDLING

1. gangs behandling	SAKS- NR	DATO	SIGN.
Offentleg ettersyn frå			
2. gangs behandling			
Offentleg ettersyn frå			

KOMMUNESTYRETS VEDTAK

Plantype					Plan-ID		 - arkitektur - konstruksjon - landskap	
Detaljregulering								
Kommune - planområde								
Vanylven kommune								
Detaljregulering for Rovde Industripark								
Oppdragsgjever								
Rovde Industripark AS								
Prosjektnr.:		Teikningsnr.:	Utarbeidd:	Rev.:	Målestokk:	NORDPLAN AS	Tlf.:	57 88 55 00
19031		01	10.07.19	-	1:2000 (A1)	!	Epost: post@nordplan.no	Web: www.nordplan.no

Budsjett arkeologisk registrering

Arkeologisk registrering - Rovde Industripark									
Saksnr.	2019/9538		Saksbeh.:	Arve E. Nytun					
Prosjektnr.			Rovde Indstripark			Dato:	05.09.2019		
Sted/ gård, kommune	Vanylven gnr 106 og 107								
Tiltakshaver	Rovde Industripark / Nordplan AS								
Adresse									
LØNNSKOSTNADER									
timekostnader	timer	à kr	direkte lønn		sos.utg.		sum		
					47 %				
Forarbeid	4	kr 310,00	kr 1 240		kr 583		kr		1 823
<i>Delsum</i>	4		kr 1 240		kr 583		kr		1 823
Feltarbeid	37,5	kr 360,00	kr 13 500		kr 6 345		kr		19 845
<i>Delsum</i>	38		kr 13 500		kr 6 345		kr		19 845
Etterarbeid	37,5	kr 310,00	kr 11 625		kr 5 464		kr		17 089
<i>Delsum</i>	38		kr 11 625		kr 5 464		kr		17 089
Sum lønnskostnader	79		kr 26 365		kr 12 392		kr		38 757
Indirekte kostnader									
60 % av timekostnader					kr		23 254		
DRIFTSKOSTNADER									
	antall	à kr							
Kost	5	kr 780,00					kr		3 900
Losji	7	kr 1 000,00					kr		7 000
Reiseutlegg								kr	1 750
Leiebil el. tilsvarende	750 per døgn							kr	3 750
Sum reise, kost og losji								kr	16 400
Forbruksmateriell og utstyr	(10 %)							kr	6 201
Sum driftskostnader								kr	22 601
KJØP AV TJENESTER									
Gravemaskin									
Annet teknisk utstyr									
<i>Delsum</i>									
Naturvitenskapelige analyser									
14C	4950 kr per prøve							kr	5 000
annet	Andre vit.skl. Analyser (treartsbest., pollenprøver etc.)							kr	5 000
<i>Delsum naturvitenskap</i>								kr	10 000
Andre konsulent tjenester									
Sum kjøp av tjenester								kr	10 000
Håndtering av funn, prøver og dokumentasjonsmateriale (inntil 10 % av lønnskostnader)									
Universitetsmuseet i Bergen						6 %		kr	2 325
SUM BUDSJETT (maksimum)								kr	96 937

Arild Rindal

Fra: Thore Gagnat <Thore.Gagnat@Morenett.no>
Sendt: måndag 16. september 2019 14:59
Til: Arild Rindal
Kopi: postmottak@vanylven.kommune.no
Emne: 15/00662-7 - Varsel om oppstart - Detaljregulering for Rovde Industripark og Førehandskonferanse Øykjeneset Rovde

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Varsel om oppstart - Detaljregulering for Rovde Industripark og Førehandskonferanse Øykjeneset Rovde

Deres referanse: 19031

Området blir normalt forsynt med en 28 km lang 22 kV luftlinje/kabel fra Åmela Transformatorstasjon.

Dagens nett kan maksimalt belastes med 1 MW ny last, dette på grunn av avstanden til Åmela Transformatorstasjon og et relativt «svakt nett».

Overføringsevnen er meget begrenset selv om nettet forsterkes, dette er på grunn av avstanden til Åmela transformatorstasjon

For å beregne anleggsbidraget må vi ha opplysninger om maksimal effekt.

Mørenett har leveringsplikt men kostnadene vil delvis bli belastet utbygger i henhold til regler fra Noregs vassdrags- og energidirektorat, se www.nve.no

Se også <https://www.morenett.no/kundeservice/bygge-og-grave/>

Før det lages utbyggingsplaner her må Mørenett kontaktes.

Vennlig hilsen



Thore Gagnat
Sivilingeniør Nettutvikling
Mørenett AS
+47 950 41 605

Fra: Mørenett Firmapost <Firmapost@Morenett.no>
Sendt: 6. august 2019 12:32
Til: Solveig Kvien <Solveig.Kvien@Morenett.no>
Emne: VS: Varsel om oppstart - Detaljregulering for Rovde Industripark

Fra: Arild Rindal <abr@nordplan.no>
Sendt: 5. august 2019 15:38
Til: Mørenett Firmapost <Firmapost@Morenett.no>
Emne: Varsel om oppstart - Detaljregulering for Rovde Industripark

Vedlagt ligg varslingsdokument for reguleringsplanarbeid for Rovde Industripark i Vanylven kommune. Meir info om arbeidet finn ein på våre nettsider www.nordplan.no under «kunngjeringar».

Frist for innsending av innspel er sett til 30.08.2019.

Med helsing

Arild Bjørhovde Rindal
Arealplanleggar

Nordplan AS avd.Nordfjord
Boks 224
Eidsgata 45
6771 Nordfjordeid
Tlf: 400 35 424
Tlf. Sentralbord: 57 88 55 00
abr@nordplan.no
www.facebook.com/Nordplan
www.nordplan.no

Nordplan søker erfarne VA-ingeniører, samt prosjekt- og byggeledere!
<https://www.nordplan.no/ledige-stillingar/>